



ÅLESUND
KOMMUNE



**PLAN FOR EIT TRYGT OG
GODT PSYKOSOSIALT
BARNEHAGEMILJØ**

INNHALDSLISTE

INNHALDSLISTE	1
BAKGRUNN	2
DEFINISJONAR	3
KRENKING	3
NULLTOLERANSE OG PLIKT TIL Å GRIPE INN	4
BYRJANDE MOBBEÅTFERD	4
MOBBING	4
ERTING	5
KONFLIKT	5
AKTIVITETSPLIKT	5
SKJERPA AKTIVITETSPLIKT	5
BARN SIN TRIVSEL – PERSONALET SITT ANSVAR	7
ARBEID MED SPRÅK OG KOMMUNIKASJON I BARNEHAGEN	7
LYTTING	8
FORSTÅING	8
BEKREFTING	8
AKTIVE TILSETTE	8
GRUPPELEIING	9
RELASJONSBYGGING	9
STRUKTUR, REGLAR OG RUTINER	10
SOSIAL KOMPETANSE	10
EMPATI	11
SAMARBEID	11
SJØLVHEVDING	11
FORELDRESAMARBEID	12
ÅRSHJUL FOR TRYGT OG GODT PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ	14
KJELDER	17
Vedlegg 1. SJEKKLISTE FOR Å IVARETA NULLTOLERANSE OG AKTIVITETSPLIKT.	19
Vedlegg 2. SJEKKLISTE/REFLEKSJON - BARNEHAGEN SITT PSYKOSOSIALE LÆRINGSMILJØ.	22
Vedlegg 3. SJEKKLISTE/GODE TILTAK I KONKRETE SAKER	23

BAKGRUNN

Denne planen tek utgangspunkt i dokument frå fleire av dei tidlegare kommunane og er meint som eit utgangspunkt for vidare og meir omfattande arbeid med det psykososiale barnehagemiljøet i Ålesund kommune. Det vert samstundes jobba fram ei verktøykasse der ein vil finne gode verkty som kan nyttast i tråd med Lov om barnehagar kap. VIII Barnehagens Psykososiale barnehagemiljø § 41, § 42 og § 43.

Lov om barnehagar stiller krav til barnehagen om å skape eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø for alle barn. Barnehagen skal ikkje godta krenkingar, og alle som arbeider i barnehagen skal førebygge og gripe inn om eit barn utsettast for dette. Alle som arbeider i barnehage har aktivitetsplikt ved mistanke om at barnehagemiljøet ikkje er trygt og godt for alle barn. Jf kap. VIII [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (...) Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

Lov om barnehager (endret 19.12.2008 nr.119), §1. Formål

“Et godt leke- og læringsmiljø omfatter alle deler av det psykososiale miljøet, slik som vennskap, inkludering og forebygging av krenkelser, trakassering, vold og mobbing. Et trygt og godt barnehagemiljø innebærer ikke bare fravær av krenkelser, men at barnet selv opplever at det er trygt og godt i barnehagen, at det er inkludert i barnegruppen og opplever å være betydningsfull for fellesskapet, og at det å gå i barnehagen er en positiv opplevelse og noe barnet ser frem til.”

[Prop. 96 L \(2019-2020\)](#)

Det psykososiale miljøet handlar kort sagt om korleis kvart individ i barnehagen har det saman med andre. Barn si emosjonelle og kognitive utvikling er knytt til dei relasjonelle erfaringane som barna gjer seg. Barnehagane vert slik av stor betyding for utviklinga gjennom å skape gode erfaringar for barna. Eit godt psykososialt miljø i barnehagen er for oss eit inkluderande miljø prega av gode samhandlingsmønster. Dette er noko som krev kontinuerleg innsats frå personalet i barnehagen. Barna si utvikling skjer gjennom kontinuerleg og gjensidig påverknad mellom barna og det miljøet dei er ein del av (Drugli, 2008). Ut frå ei slik forståing må arbeidet med det psykososiale miljøet omhandle både barna og deira utvikling, og element i miljøet som barna er ein del av. Barnets beste skal vere eit grunnleggande omsyn i barnehagen sitt arbeid, jf. *Barnehageloven § 3 Barns rett til medvirkning og hensynet til barnets beste.*

Planen skal gi ei oversikt over det systematiske arbeidet som vert gjort, og samstundes vere eit verkty som viser korleis vi kan arbeide for eit trygt og godt barnehagemiljø.

Målet med planen er:

- Å bidra til å auke personalet sin kunnskap om førebygging, avdekking og handtering av mobbing og anna krenkande åtferd jf. Kap VIII barnehagelova.
- Å bidra til ein samanheng mellom lovtekst og pedagogisk praksis i barnehagen.
- Å bidra i arbeidet med å fremje helse, trivsel, leik og læring for alle barn.
- Å bidra til eit miljø i barnehagane med nulltoleranse for mobbing og andre krenkingar blant både barn, tilsette og foreldre.

For barna vil det bety:

- Eit miljø som vil styrke sjølvkjensla deira.
- At dei skal få oppleve eit miljø prega av medverknad, anerkjenning og oppmuntring.
- At dei skal få erfaring med å vere ein betydningsfull del av ei gruppe.
- At barnehagen er ein trygg og god stad å vere.

For at personalet aktivt skal kunne bidra til å gje barn i Ålesund kommune eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø, er det viktig å vere godt kjent med lovverk, og det er nyttig med ei felles forståing for sentrale omgrep. Det er krav til både førebygging av uheldige hendingar og plikt til å følgje med og gripe inn. Vi støttar oss til nasjonale føringar frå Utdanningsdirektoratet, Lov om barnehager og Rammeplan for barnehagen.

DEFINISJONAR

KRENKING

“Krenkelser, også kalt krenkende ord og handlinger, er et samlebegrep for negative ord eller handlinger som barn og unge opplever krenker for eksempel deres verdighet og integritet eller gjør at de føler seg ekskludert fra et fellesskap” (Udir, 2017, s. 7).

Krenkingar kan omfatte både enkeltstående og gjentekne hendingar og ytringar, og dei kan ha en direkte form som t.d. verbale ytringar, slag og spark, og ein meir indirekte form som utestenging, baksnakking eller andre handlingar som gjer at barn opplever at dei ikkje er trygg eller inkludert i fellesskapet (Udir, 2017).

Barnehageloven § 41 seier at barnehagen skal ha nulltoleranse for krenking. Som døme er det nemnt utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Terskelen for kva vi reknar som krenking skal vere lav, då barn er meir sårbar enn vaksne og dei er pålagde å vere i barnehagen. Det er likevel ikkje slik at lova omfattar ei kvar kritisk ytring eller ueinigheit mellom barna. Omgrepet krenking er i lova/paragrafen objektiv i den forstand at kva som er ei krenking skal vurderast heilskapleg. Det er likevel ikkje slik at kva som er ein krenking er lik for alle barn. Barn har med seg ulike erfaringar, funksjonsnivå, alder og modning vil påverke kva barn oppleve som ei krenking (Stette, 2020).

I høve utestenging blir det presisert at det ofte må vere snakk om gjentekne tilfelle av utestenging mot det same barnet for at utestenginga er omfatta av kravet om nulltoleranse. I ein situasjon der ei gruppe barn er godt i gong med leiken og ikkje tek inn nye barn, reknast ikkje som ei utestenging som barnehagen må gripe inn i. Dersom det er diskriminering eller trakassering som er årsaka til at barnet ikkje får delta i leiken, eller at situasjonen er særleg nedverdiggande for barnet har barnehagen plikt til å gripe inn (Prop. 96 L (2019-2020)).

NULLTOLERANSE OG PLIKT TIL Å GRIPE INN

Barnehagen skal ikkje godta at barn vert utstatt for krenkingar i barnehagen. Personalet er pliktig til å umiddelbart gripe inn når eit barn i barnehagen utsettast for krenkingar. Plikta er knytt til krenkingar den tilsette sjølv er vitne til, og som er pågåande, som td pågåande mobbing, slossing eller der ein ser barn som er isolert frå dei andre. Dette kan innebere at ein må skilje barn fysisk. Plikta gjeld også der ein ser at barn vert krenka av ein kollega eller ein anna vaksen (jf §43 Skjerpet aktivitetsplikt). Fysisk makt eller krenking av barn er ikkje tillat, med unntak i nødvergesituasjon der det kan vere unntak frå lova (§41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid og Stette, 2020).

BYRJANDE MOBBEÅTFERD

«Med begynnende mobbatferd menes når små barn viser vedvarende aggressive sosiale strategier i møte med jevnaldrende» (Flack, 2011).

- Byrjande mobbeåtferd i barnehagen er når sosiale prosessar utviklar seg i ei uheldig retning. Vi må vere obs på ujamne maktforhold og uheldige/gjentakande mønster.
- Viss uheldige mønster får halde fram, kan det utvikle seg til mobbing.
- Byrjande mobbeåtferd og mobbing bidreg til ei negativ sosial utvikling både for dei som utsett andre, og dei som vert utsett for dette.
- Om ein er i ei sosial rolle over tid vil ein identifisere seg med denne, og det kan vere vanskeleg å komme seg ut av den utan hjelp.

MOBBING

«Mobbing av barn i barnehagen er handlingar frå vaksne og/eller andre barn som krenker barnet si oppleving av å høyre til og vere ein betydningsfull person for fellesskapet» (Lund, 2015).

- Vi merker oss at det er barnet si subjektive oppleving som ligg til grunn. Vi må ta barn som ikkje trivast på alvor og gripe inn når barn uttrykker at dei opplev det sosiale miljøet som utrygt.
- Vi bruker ikkje omgrep som mobbar eller mobbeoffer, då dette stigmatiserer barna.
- Mobbing er ikkje ei konflikt og kan ikkje forhandlast, men stoppast straks jf. § 41 og 42.

Ulike former for mobbing:

- Relasjonell mobbing som td ekskludering, utestenging, spreie rykte, få andre til å skade nokon, lage grimasar, lage reglar for andre/bestemme over andre, «du får ikkje komme i bursdagen min».
- Verbal mobbing som td: kallenamn, fornærme, truslar og gjentatt erting.

- Fysisk mobbing som td skubbe, slå, stikke, sparke, rive leiker frå ein anna, lugge, bite.

ERTING

Er å «drive ap» med, «berre for moro skuld». Erting bør stoppast fordi det lett kan utvikle seg til mobbing.

KONFLIKT

Avgjerande forskjell frå mobbing, då barna er likeverdige. Ei konflikt er ikkje krenkande, det er ei ueinigheit. Barna får god sosial trening når dei skal handtere ei konflikt.

AKTIVITETSPLIKT

I Lov om barnehager §42 er den såkalla aktivitetsplikta regulert. Vi vel å gjengi lovteksten i si heilheit:

Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.

Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.

Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.

Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.

Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå

- a) hvilke problemer tiltakene skal løse*
- b) hvilke tiltak barnehagen har planlagt*
- c) når tiltakene skal gjennomføres*
- d) hvem som skal gjennomføre tiltakene*
- e) når tiltakene skal evalueres.*

I Ålesund kommune nyttar vi per no skjema «Frå undring til tiltak» når vi utarbeidar ein slik skriftleg plan, og vi har sjekklister for å ivareta nulltoleranse og aktivitetsplikt (vedlegg 1).

SKJERPA AKTIVITETSPLIKT

Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer. Styreren skal melde fra til barnehageeieren. Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at styreren i barnehagen krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende melde fra til barnehageeieren direkte.

Lov om barnehager § 43 (tilføyd 19.06.2020 nr.91 ikr 01.01.2021)

REFLEKSJONSSPØRSMÅL

- ✿ Har vi ei felles oppfatning av dei sentrale omgrepa i vår personalgruppe?
- ✿ Har vi døme på situasjonar der vi er i tvil om utestenging frå leik er krenking?
- ✿ Har vi uheldige/gjentakande mønster i vår gruppe som vi bør vere obs på?
- ✿ Kva er terskelen for å gripe inn og kva sei/gjer vi når vi oppdagar uheldige mønster/ byrjande mobbeåtferd?
- ✿ Kva gjer du om eit barna snakkar nedsettande til eller om eit anna barn?
- ✿ Kva gjer du om eit barn seier det ikkje trivast i barnehagen?
- ✿ Kva gjer du om ein kollega snakkar nedsettande til/om eit barn?
- ✿ Kva gjer du om du mistenker at ein annan tilsett i barnehagen har krenka eit barn?
- ✿ Korleis kan personalet gjennom sin veremåte, sitt kroppsspråk bidreg til å favorisere eller stigmatisere enkeltbarn i barnehagen?

BARN SIN TRIVSEL – PERSONALET SITT ANSVAR

Barnehageloven og Rammeplanen fastslår at personalet:

- skal støtte barn i å sette egne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar.
- skal ha nulltoleranse for mobbing og andre krenkingar.
- skal kontinuerleg førebygge tilfelle kor barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø ved å fremme helse, lek, trivsel og læring.
- har plikt til å sikre at barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt).

Personalet sin kompetanse til å møte og forstå barn har stor betydning. Barna si oppleving av korleis dei vert møtt, sett og respektert av sine omgjevnadar er viktig både i eit her-og-no-perspektiv og i eit framtidsperspektiv.

Måten vi vel å snakke med og til barn på er viktig for korleis dei oppfattar seg sjølv i samspel med sine omgjevnadar. Barn som møter latter og smil frå omgjevnadane oppfattar truleg seg sjølv som artig å vere ilag med, medan barn som ofte blir irettesett kan kjenne seg lite verdt. Dette er erfaringar som barna tek med seg i den vidare forminga av eige sjølvbilde.

«Barn ser, hører og legger merke til mer enn voksne av og til regner med. Personalet må derfor være spesielt bevisst på hva de sier, og hvordan de snakker til hverandre og sammen når barn er i nærheten. Gode rollemodeller snakker ikke nedsettende til eller om andre, verken barn, foreldre eller kollegaer. De praktiserer empatisk væremåte.» Utdanningsdirektoratet, 2012

«Arbeid mot mobbing handler først og fremst om den tydelige voksne med et varmt hjerte og et klart hode!» (Lund, 2014)

ARBEID MED SPRÅK OG KOMMUNIKASJON I BARNEHAGEN

I all kommunikasjon er det viktig å huske på at vi kommuniserer både verbalt og ved bruk av mimikk og anna kroppsspråk. For dei yngste barna og andre barn med lite utvikla verbalspråk blir kroppsspråket ekstra viktig. Personalet må vere samstemt i eige kroppsspråk og tale, samt vere merksame på kommunikasjonssignala til barna slik at vi ikkje bidreg til krenking av barn.

«Å bli møtt med forståelse når en uttrykker egne intensjoner, enten verbalt eller med kroppsspråk, er en viktig forutsetning for individers selvfølelse, mentale helse og samhandling med andre.» (Utdanningsdirektoratet, 2012)

Mangelfull verbal kommunikasjon kan føre til konflikt. Å arbeide aktivt og systematisk med språk i barnehagen er difor ein god strategi for å skape relasjonar og oppnå smidig og positivt samspel mellom barna i samvær og leik. Personalet arbeider bevisst med språkstimulering gjennom heile dagen – i leik, stell, garderobe og under eit godt måltid. Fokus på dialog og samspel er viktig for barna si språkutvikling, noko som igjen gjer det enklare å delta i leik og sjølv kunne løyse konflikt.

Åtferd er kommunikasjon, og personalet må søke etter kva barnet eigentleg seier oss dersom dei viser uønskt åtferd. Kva kan eventuelt vere dei oppretthaldande faktorar som bidreg til uheldige mønster? Barnehagen må ut i frå dette vurdere tiltak som kan ivareta både den/dei som utsett andre for uønskt åtferd og dei som vert utsett for den. Tips til ein systematisk metode for å oppnå det er *pedagogisk analysemodell*.

LYTTING

Det er lett å tolke både ord og kroppsspråk feil, noko som kan vere ei stor utfordring. Det å ikkje stille seg open for den andre si oppleving og tankar, eller det å lytte til meir enn berre orda kan vere ei utfordring, kanskje særleg i høve barn som krenker andre. Lytting er eit av dei viktigaste tiltaka i høve dei stille barna. Forsiktige barn treng ofte både tid og tryggleik for å kunne ytre seg, og endar med å vere meir stille om dei ikkje kjenner seg tatt på alvor. (Lund, 2015).

FORSTÅING

Om personalet si forståing pregar kommunikasjon mellom barn og vaksen, vil det skape lite rom for å sette ord på den subjektive opplevinga til barnet. Om den tilsette har eit ynskje om å forstå barnet, må ein stille seg meir undrande til situasjonane. Får å få nye perspektiv må ein kunne ha moglegheit til å utforske, undre seg og sette ord på tankane sine ved å dele dei med andre. Dette kan bidra til ei meir nyansert forståing av verden, av andre menneske og seg sjølv (Bruce, 2018). Eit tips kan vere å bruke KV-orda, korleis, kven, kor, kva og kva for...

BEKREFTING

Måten personalet svarer og bekreftar barnet på, er avgjerande for korleis barnet opplev seg sjølv. **Sensitive vaksne** tolkar barnet sine intensjonar rett og responderer på det, noko som bekreftar barnet. Det å ha ei bekreftande haldning ovanfor barn handlar om eit ynskje om å forstå korleis det er for den andre. Ein kan bekrefte ved å svare «eg forstår» eller «skjønner godt kva du seier», men gjerne også stille spørsmål som «Har eg forstått deg rett når...? Er det slik at....? Eg lurar på om det du seier betyr at....?». Likevel skal ein ikkje nødvendigvis tilfredstille barnet sitt behov. Personalet kan forstå og bekrefte eit behov utan å måtte tilfredstille det (Lund, 2015).

AKTIVE TILSETTE

Barn er avhengig av å ha vaksne som er nærverande og observante, og som sette tema på dagsorden jamleg. Personalet må reflektere rundt korleis dei skal fremme eit trygt og godt barnehagemiljø, førebygg mobbing og andre krenkingar. Refleksjon rundt personalet sitt nærvær og organisering av barnehagedagen er viktig.

«Det er alltid voksnes ansvar å ta mobbing på alvor, gi støtte og veiledning slik at barn opplever tilhørighet og får være en del av leken og fellesskapet.» (Lund, 2015)

Personalet skal støtte og styrke barn som blir utsett for mobbing og andre krenkingar, men dei skal også ivareta barna som utsett andre for dette. Alle barn skal inkluderast og hjelpast inn i fellesskapet og støttast i den sosiale utviklinga si. Det er personalet som har ansvar for at barn ikkje hamnar i negative sosiale mønster. For å følgje med og fange opp slike uheldige mønster må personalet delta aktivt i barna sin leik og vere både påkopla og nær.

Gjennom aktiv deltaking kan personalet synleggjere enkeltbarn og deira sterke sider. Det er viktig å sjå etter dei positive sidene til barnet og framsnakke dei for å heve den sosiale statusen i gruppa. Personalet kan gjennom fokus på mangfald kommunisere at vi alle er ulike, og kvifor det er positivt for ei gruppe. Tenk om vi alle var heilt like?

GRUPPELEIING

Barna skal oppleve eit trygt og inkluderande miljø, der personalet skal bidra til at barn ikkje opplever krenkande handlingar, og ikkje krenker andre (Udir, 2018). God gruppeleiing har betydning når det gjeld fremming av eit inkluderande miljø som førebygg mobbing og andre krenkingar. Det handlar om kva personalet gjer for å skape eit fysisk og sosialt miljø på gruppa der dei gjennomfører både rutine og aktiviteter på ein god måte. God gruppeleiing består av både **relasjonsbygging, fremjing av sosial kompetanse og struktur, reglar og rutine** som bygg på prososiale verdiar (Midthassel 2011, Drugli, 2013).

RELASJONSBYGGING

Det er alltid personalet som har ansvaret for relasjonane i barnehagen. Dei er ansvarlege for at alle barn opplever at dei er viktige, at dei vert sett og høyrte og at dei får delta i leik. Personalet har slik eit stort ansvar i barnehagen sitt førebyggjande arbeid mot mobbing og andre krenkingar.

Kvaliteten på samspelet mellom barn og tilsette har stor betydning. Om barna skal utvikle seg og lære, er dei heilt avhengig av å knyte gode relasjonar til personalet i barnehagen. Personalet sin veremåte er avgjerande for om barna tileignar seg veremåtar som leggjast vekt på i sosial kompetanse. Lamer (2014) viser til at det handlar om personalet sin eigen sosiale kompetanse i møte med barna. Sampelet må vere tilpassa både barnegruppe og individ (Drugli, 2015). Når personalet i barnehagen kombinerer ein varm og støttande relasjon med passelege krav/kontroll (autoritativ), vil dei kunne oppnå best tilpassing til barna (Idsøe & Roland, 2017).

For å stimulere relasjonskvaliteten må personalet gi **emosjonell støtte** gjennom handlingar som blikk-kontakt, smil, humor, bruke namn på barna i positive samanhengar, vise merksemd, oppmuntre, lytte og støtte barna. Det å vere fysisk nær, vise engasjement og at det er samsvar mellom handlingar og ord er viktige element.

Det einskilde barn sine opplevingar av små og store hendingar i kvardagen er essensielt i arbeidet. Den vaksne må anerkjenne barna si indre verd for å møte dei på ein god måte der det vert utøvd krenkjande framferd (Lund, 2015). I det ligg det ei respekt for den individuelle opplevinga av handlingane. Anerkjenning kjem til syne i ein kvardag gjennom ulike element som lytting, forståing, det å bekrefte og toleranse (ibid.). Barn som syner åtferd og handlingar som ikkje kan godtakast,

treng likefullt vaksne som anerkjenner dei og hjelper dei å sette ord på og forstå at handlingane er uakseptable.

STRUKTUR, REGLAR OG RUTINER

Korleis barnehagen bevisst eller ubevisst vel å bruke tid, rom og personal skapar viktige føresetnadar for barna sin kvardag. Vala vi tek i høve organisering må ein sjå i samanheng med kravet til nulltoleranse og førebyggjande arbeid, personalet si aktivitetsplikt og den skjerpaste aktivitetsplikten. Målet for arbeidet er at alle barn skal ha eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

Gruppeleiing handlar om å gi barna gode rammer for å skape trivsel, der personalet må vere tilstade, vere førebudd og legg til rette for ein god kvardag. Ved hjelp av nokre strategiar kan personalet slik vere med å skape grunnlag for gode relasjonar. I eit førebyggjande arbeid kan dette handle om å skape struktur, fysiske rammer, klare felles reglar og korleis dette skal følgjast opp, tydelege forventningar og oppmuntring (Drugli, 2012; Nordahl, 2005).

REFLEKSJONSSPØRSMÅL

- Korleis jobbar du for å skape relasjon til dei barna som ikkje søker deg?
- Kva for barn møter ditt gode blikk og smil, og kven møter irettesetting og ein kvassare tone?
- Korleis kan personalet vere gode rollemodellar i barnehagen?
- Korleis kan personalet skade barn sitt sjølvbilde og gjere barnehagedagen utrygg og utriveleg for barna?
- Tek du deg tid til å lytte til barna og snakke med dei? (Kor ofte/kor lenge?)
- Når eit barn kjem til deg for å vise deg noko eller seie noko, kva gjer du då?
- Har vi ei organisering som er til barna sitt beste?

SOSIAL KOMPETANSE

God sosial utvikling er viktig for at barn skal fungere godt i samspel med andre og barn si utvikling generelt (Drugli, 2008). For å førebyggje og styrke barna si evne til sosial samhandling med andre, er det difor naturleg å arbeide med sosial kompetanse i barnehagen (Lund, 2015). Sosial kompetanse handlar om ferdigheiter, kunnskap og haldningar som fører til mestring av ulike sosiale relasjonar, som igjen dannar grunnlag for trivsel og utvikling. Det handlar om å lukkast i det å omgå andre. Alle barn skal få erfare det å vere viktige for fellesskapet, og det å vere i godt samspel med både barn og vaksne (KD, 2017). I følgje Elliot & Gresham i Ogden (2008) er dette kjernekomponentane i sosial kompetanse:

- Sjølvhevdning
- Sjølvkontroll/sjølvregulering
- Empati
- Ansvarskjensle
- Samarbeid

Eit fellestrekk ved sosial kompetanse er at det handlar om å utvikle prososiale handlingar; å kunne gjere positive handlingar mot andre som er særmerka ved det å vere hjelpsam, gi støtte, vere anerkjennande, oppmuntrande, inkluderande og gi omsorg. Det har mindre effekt om barna kan kjenne igjen og sette seg inn i andre sine perspektiv, om dei ikkje handlar i tråd med forståinga. I følge Lamer (2014) må positive haldningar sjåast igjen i positive handlingar. Merksemda vert retta meir til dei positive sosiale handlingane som barna viser.

Tre av dei nemnde kjernekomponentane er spesielt viktig i det førebyggjande arbeidet mot mobbing og for eit inkluderande miljø i barnehagen. Den som utsett andre for mobbeåtferd kan ha spesielt nytte av empati og samarbeid, medan den som vert utsett for mobbing kan ha særleg nytte av sjølvhevding.

EMPATI:

Dette er i følge Idsøe og Roland (2017) ein av dei viktigaste sosiale ferdigheitene i høve førebygging av mobbeåtferd. Empati er evna til å leve seg inn i ein person sin situasjon og forstå og respondere på andre sin tankar og kjensler, og slik forstå kor smertefullt det er for den andre å bli utsett for mobbeåtferd (ibid:). Empati gjer at ein heller vil hjelpe andre.

Empati krev at ein kan skilje mellom sine egne og andre sin tankar. Det handlar slik om å ha forståing for andre sine perspektiv, det å kunne leve seg inn i andre sin situasjon, vise medkjensle, ta omsyn og kunne tolke og forstå kjensleuttrykk. For å stimulere empati er det td viktig at ein snakkar om kjensler og korleis desse kan kome til uttrykk.

SAMARBEID

Barn som er flinke til å samarbeide er ofte flinkare til å inkludere andre. Barn treng støtte til å utvikle gode samarbeidsevne. Samarbeid kan stimulerast gjennom å vente på tur, lytting, det å dele og hjelpe.

SJØLVHEVDING

Dette handlar om evna til å kunne hevde seg sjølv og egne meiningar på en god måte slik ein vert vanskelegare å «ta». Det handlar om å stå imot gruppepress, ta initiativ og bli med på leik og samtalar som allereie er i gang, delta utan å bli oppmuntra til det og invitere med andre (Lamer, 2014). Det handlar om å få delta og å kunne påverke i eit fellesskap i barnehagen. Stimulering av sjølvhevding kan gjerast ved å observere og rettleie barna i høve maktmønster og innhald i leiken. Personalet må gripe inn og få endra mønster om der er barn som alltid får bestemme og som sjeldan let andre barn delta/kome med innspel i leik.

Leiken er den viktigaste læringsarenaen for barna, og då særskild med tanke på sosial kompetanse. Barna vil praktisere relasjonell kompetanse i samspel med andre. Dei tilsette må gjennom dagen gi barna både oppmodingar, tilbakemeldingar og rettleiing for å lære dei gode strategiar i samspel med andre (Idsøe & Roland, 2017). Dette er eit kontinuerleg arbeid.

REFLEKSJONSSPØRSMÅL:

- Kva for utfordringar observerer de i samspelet mellom barna?
- Involverer barna seg i kvarandre ved å ta innspel frå andre og sjølv kome med initiativ?
- Er det sosiale hierarki i gruppa der nokon alltid får sine ynskje gjennom, medan andre ikkje?
- Får alle barna lik moglegheit til å medverke i sin eige kvardag i barnehagen?



FORELDRESAMARBEID

For å etablere eit gjensidig samarbeid med foreldre, startar vi allereie ved første møte. I den første foreldresamtalen får vi informasjon om barnet, kva som er viktig for foreldra i oppveksten til barnet, og tilhøve i familien. Informasjonen brukar vi konstruktivt i det vidare arbeidet. Gjennom å syne forståing legg vi grunnlag for eit gjensidig ansvar i samarbeidet (Drugli, 2008).

Både foreldre og personale ønsker at barna skal ha vennar og trivast saman med andre. Eit godt samarbeid med foreldre står heilt sentralt både i høve førebygging og når krenkande åtferd som mobbing skjer. Det kan vere sårt å vere foreldre både til den som vert utsett for mobbing og den som har utsett andre. Tema om korleis barnehagen følg opp lovverket, barn sin trivsel, om mobbing og krenkande åtferd og det viktige førebyggjande arbeidet skal difor vere ein del av innhaldet i foreldresamtalar og på foreldremøter som vert arrangert i barnehagen. Foreldre er ein viktig samarbeidspart i arbeidet, og det er viktig å tydeleggjere rolla deira i arbeidet for eit inkluderande miljø. Det kan vere å helse på alle barn dei møter ved levering/henting, leggje til rette for at barna kan invitere venner med heim og vere lojal til ein felles mal for bursdagsfeiring.

Barnehagen og barnet sin heim har eit felles ansvar for barna sin trivsel og eit inkluderande miljø utan mobbing og andre krenkingar.

Det må vere en låg terskel for å melde frå til barnehagen dersom foreldre opplever endra åtferd eller mistrivsel hos barnet, eller at dei har mistanke om at eige eller andre sitt barn ikkje har det trygt og godt.

Dette kan dei føresette forvente av barnehagen:

- Føresette får informasjon om korleis barnehagen arbeider for å fremme eit inkluderande miljø utan mobbing og andre krenkingar.
- Barnet si sosiale utvikling blir tatt opp i foreldresamtalane.
- Føresette blir møtt og tatt på alvor ved uro for om barn har det trygt og godt i barnehagen.
- Føresette skal oppleve å bli sett, høyrte og inkludert i barnehagen sitt arbeid.
- Dersom personalet får mistanke om at det skjer uønskte hendingar som td utestenging, eller dersom åtferda til barnet vekker uro i barnehagen, skal føresette involverast.
- Teieplikta vert halden.

Forventningar til føresette:

- Føresette tek kontakt med pedagogisk leiar eller styrar og ber om ein samtale om dei er urolege for eige eller andre sine barn.
- Føresette er varsame med kva som blir sagt medan barna høyrer på, då dei er viktige rollemodellar.
- Føresette snakkar positivt heime om barnehagen, dei tilsette, dei andre barna og foreldra deira.

REFLEKSJONSSPØRSMÅL:

- ✿ Når du har hatt ein god samtale med eit barn, har du fortalt dei føresette om dette?
- ✿ Kva betydning trur du det kan ha?
- ✿ Kvifor har du eventuelt ikkje gjort det?
- ✿ Får dei føresette nok informasjon om korleis vi arbeider med førebygging og nulltoleranse?
- ✿ Er føresette kjent med korleis dei kan melde frå viss dei er bekymra for om sitt eige eller andre sine barn ikkje har det trygt og godt?

ÅRSHJUL FOR TRYGT OG GODT PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ

For å bidra til eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø for alle barn, må personalet arbeide både langsiktig, målretta og systematisk i samarbeid med føresette over tid. Det er snakk om å få oversikt og få satt i system dei verkty og planar som ligg føre. Dette vil også gjere tydleg område det er behov for meir kunnskap og kompetanseheving på.

PERSONALET SITT ARBEID I BARNEHAGEN				
KVA	KORLEIS	NÅR	ANSVAR	SAMARBEID
Barnehagen gjennomgår planen	Personalet drøftar og dokumenterer planen si betydning for barnehagen sitt innhald og korleis den skal implementerast og inngå som del av det daglege arbeidet.	August	Styrrar	
Opplæring og informasjon til alle nyttilsette	Den nyttilsette får tid til å lese og samtale/reflektere med styrrar/pedagogisk leiar rundt korleis vi arbeider etter planen i barnehagen.	Ved nyttilsettingar	Styrrar/ped. leiar	
Sikre ein god start i barnehagen	Gjennomføre eige opplegg for tilvenning, og sikre informasjonsflyt til foreldre.	Etter avtale med føresette	Pedagog	
Bidra til kunnskap om og refleksjons om vaksenrolla	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Tips: Bruk heftet «Den gode starten», heftet skal reviderast i forkant av nytt barnehageår, i heile eller delar av personalgruppa på hausten 	Kvar haust på småbarns-avdeling	Pedagog	
«Bli kjent» temaperiode	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Skal vere tema for første periode kvar haust, der barnehagen sett fokus på det med å bli kjent med kvarandre, opne for nye relasjonar og vennskap ▪ Bruke barnehagens planar for «bli kjent» periode. ▪ Tips - bruke element frå program som td. Hjerteprogrammet, Steg for steg, Hei-spelet, Trygg i Fjell 			Alle tilsette

Følgje med	Bruk rutine <i>Det ordinære barnehagetilbodet med mal for undring.</i>	Når eg undrar meg over det eg ser, høyrer, observerer, tenkjer på.	Pedagog	Alle tilsette
Refleksjon og vurdering av barn sin trivsel og sosiale kompetanse	Bruke barnehagen sitt system for observasjon og vurdering, td «Alle Med» som grunnlag for foreldresamtale to gongar pr år.	Samtale haust og vår	Pedagog	Alle tilsette
Tidlig innsats/ behov for tiltak	Bruk rutine <i>Det ordinære barnehagetilbodet</i> og mal for <i>Frå undring til tiltak</i> Bruk gjerne også <i>pedagogisk analysemodell</i>	Når eg har behov for å avklare det eg ser – eg skal gå frå undring til tiltak.	Pedagog	Alle tilsette
Sikre god og trygg overgang mellom avdelingar/ basar	Lage plan for overgang innad i barnehagen. Tips: Følgje prosedyre for overgang ved å bli kjent med både romtilhøve, barn og personal.	Vår	Pedagog	Alle tilsette
Overgang barnehage - skule	Følgje plan for overgang frå barnehage til skule–for innhald og samarbeid i høve informasjon, besøk og felles arrangement		Styrrar/ Pedagog	Skulen v/ rektor, lærar frå samarbeidsklasse og komande kontaktlærar
Vurdering	Gjennomføre ei vurdering av det førebyggjande arbeidet	Vår	Styrrar	

FORELDRESAMARBEID				
KVA	KORLEIS	NÅR	ANSVAR	SAMARBEID
Barn og foreldre informeres om barnehagen sin handlingsplan og lovverk	Ved foreldremøte/møte for nye foreldre	Haut	Styrar/ Pedagog	
Foreldre involveres og deltar i det førebyggjande arbeidet	Tema på foreldremøter, møte i samarbeidsutvalet og på foreldresamtalar etc. Døme kan vere felles retningslinjer for invitasjon til bursdagsfeiring	1 gong per år	Styrar/ pedagog	
Skape god relasjon til føresette	Gjennomføre foreldresamtale ved oppstart, td <i>startsamtale</i> etter mal	Innan 4 veker etter start	Pedagog	Om søsken på ulike grupper startar samstundes
Informasjon om samarbeidspartar	Formidle informasjon og gjere foreldre kjent med kven barnehagen samarbeider med og kva for tilbod som fins i Ålesund kommune. Oversikt over samarbeidspartar på heimeside og i årsplan	Haut	Styrar	
Foreldresamtale	Gjennomføre foreldresamtale to gongar i året med utgangspunkt i barnehagen sitt system for observasjon, td bruk av «Alle Med». Evt fleire samtalar ved behov	Haut, vår og ved behov	Pedagog	
Oppmuntre til kontakt der oss ser det kan vere nyttig	Sikre løyve til å dele kontaktinformasjon. Personalet kan ved løyve frå føresette bistå med kontaktinformasjon mellom heimane, slik det er enklare å besøke kvarandre på fritida.	Haut	Styrar/ pedagog	

KJELDER

Bruce, B. (2018): Varmprat. I: *Barnehagefolk 2/2018: Varmprat og konfrontasjoner*. Oslo: Habitus AS

Drugli, M.B. (2008): *Atferdsvansker hos barn. Evidensbasert kunnskap og praksis*. Oslo: Cappelen Damm AS

Drugli, M.B. (2012): *Relasjonen lærer og elev. Avgjørende for elevens læring og trivsel*. Oslo: Cappelen Damm Akademiske

Drugli, M.B. (2013): *Atferdsvansker hos barn. Evidensbasert kunnskap og praksis*. Oslo: Cappelen Damm Akademiske.

Drugli, M.B. (2015): *Gode relasjoner fremmer motivasjon for læring*. Barnehage.no, publisert 27.05.2015 <https://www.barnehage.no/artikler/gode-relasjoner-fremmer-motivasjon-for-laering/428440>

Flack, T. (2011): Flack, T (2011): *Mobbing. Hva er drivkreftene? Hvordan se det som skjer? Hva gjør vi når vi ser?*
<https://www.fylkesmannen.no/contentassets/47d287a0dd7f430aa23efb0bc601ac5c/tove-flack.pdf>

Idsøe, E.C & Roland, P. (2017): *Mobbetferd i barnehagen. Temaforståelse – forbygging - tiltak*». Oslo: Cappelen Damm AS

KD (2020): [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)

KD (2017): *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Oslo: Departementer

KD (2019-2020): Kap 7. Psykososialt barnehagemiljø [Prop. 96 L \(2019–2020\) - regjeringen.no](#)

Lamer, K. (2014): *Dette vet vi om. Barnehagen: sosial kompetanse*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Lund, I. (2015): *De er jo bare barn. Om barnehagebarn og mobbing*. Oslo: PEDLEX

Lund, I. (2015): *Hele barnet - hele løpet. Mobbing i barnehagen*.
<http://www.forebygging.no/Global/mobbing%20i%20barnehagen%20rapport.pdf>

Midthassel, U.V. (Red). (2011). *Tidlig intervensjon og systemrettet arbeid for et godt læringsmiljø*. Oslo: Universitetsforlaget

Nordahl, T., Sørli, M-A., Manger, T., Tveit, A. (2005). *Atferdsproblemer blant barn og unge. Teoretiske og praktiske tilnærminger*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS

Ogden, T. (2008): *Sosial kompetanse og sosial læring for barn og unge*. Henta frå:
<http://www.forebygging.no/Artikler/2011-2008/Sosial-kompetanse-og-sosial-laring-hos-barn-og-unge/>. Atferdssenteret

Stette, Ø (2020): Ny mobbelov for barnehager. Psykososialt barnehagemiljø. Oslo: PEDLEX

Udir (2017): Henta frå:

[grunnlagsdokument-barnehage-skolemiljo-mobbing-og-krenkelser.-revidert-utgave-15.09.17.pdf](https://www.udir.no/medie/mediepublikasjoner/grunnlagsdokument-barnehage-skolemiljo-mobbing-og-krenkelser.-revidert-utgave-15.09.17.pdf)
([statsforvalteren.no](https://www.statsforvalteren.no))

Udir (2018): Henta frå:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/stottemateriell-til-rammeplanen/trivselsveileder/5-Sosial-kompetanse/>

Trygg i fjell: http://modellen.tryggifjell.no/filer/Sjekkliste_vaksenrolla.pdf

Vedlegg 1. SJEKKLISTE FOR Å IVARETA NULLTOLERANSE OG AKTIVITETSPLIKT.

TILTAK	ANSVAR
<p>1. Alle mistankar om at eit barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen utløyser aktivitetsplikt.</p> <p>4 delplikter: Følgje med, melde styrar, undersøke og sette inn tiltak.</p>	Alle tilsette i barnehagen
<p>2. Følgje med</p> <p>Korleis har barna det i barnehagen?</p> <p>Personalet må vere nær barna, observere det som skjer og lytte etter det som vert fortalt.</p> <p>Vere årvaken og aktivt observere korleis barna handlar kvar for seg og seg imellom.</p> <p>Kunne kjenne att uheldige mønster.</p> <p>Samarbeide med foreldre for å oppdage barn som ikkje trivs.</p> <p><i>Tips: mal for undring og observasjonsskjema, sjå verkykassa.</i></p>	Alle tilsette i barnehagen
<p>3. Gripe direkte inn - nulltoleranse for mobbing og andre krenkingar.</p> <p>Barnehagen skal ikkje godta krenkingar, alle som arbeidar i barnehagen skal gripe inn når eit barn opplever mobbing eller andre krenkingar.</p>	Alle tilsette i barnehagen
<p>4. Varsle - Melde styrer</p> <p><i>Bruk meldeskjema-verkykassa, også når du får tilbakemelding frå barn og foreldre.</i></p> <p>Kor raskt du melder frå om mistanken avhenger av sakens alvor, og vurderast frå sak til sak.</p> <p>I nokre tilfelle er det nødvendig å melde frå til styrar straks, andre gangar kan det vente til slutten av dagen eller til eit planlagt møte.</p> <p>Hugs at barnehagemiljøsakar er tidssensitive.</p>	Den tilsette som mistenker krenking, gjelder alle tilsette i barnehagen

<p>* Barnehageeigar skal varslast i alvorlege tilfelle</p> <p>*Gjeld meldinga styrar varslast barnehageeigar direkte.</p>	<p>*Styrar meldar barnehageeigar</p> <p>*Den enkelte tilsette</p>
<p>5. Undersøke</p> <ul style="list-style-type: none"> • Få fram fakta om saka. Formålet med undersøkinga er å klargjere det ein har sett, høyrte eller fått mistanke om. • Kva forhold i barnets omgjevnader påverkar korleis barnet har det i barnehagen? • Saken må bli grundig undersøkt, og skal belysast frå fleire side. <p><i>Tips: Barnesamtale, sjå verktøykassa</i></p>	<p>Styrar i samråd med pedagogisk leiar</p>
<p>6. Sette inn egna tiltak og evaluere</p> <ul style="list-style-type: none"> • Så lenge eit barn opplever at det ikkje har det trygt og godt i barnehagen skal barnehagen sette inn tiltak. • Plikt til å sette inn tiltak gjeld når barnehagen sjølv opplev at barn ikkje har det trygt og godt. • Tiltaka skal føre til at barnet igjen får det trygt og godt. • Tiltak skal tilpassast den konkrete saka. • Tiltak ut frå konkret og fagleg vurdering med utgangspunkt i oppdatert og tilstrekkeleg kompetanse om regelverket, barnehagemiljø og arbeid mot mobbing og andre krenkingar. • Plikta gjeld tiltak som finns og er tilgjengeleg for barnehagen. • Plikta varer inntil barnet har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. 	<p>Pedagogisk leiar i samråd med styrar</p>
<p>7. Lage ein skriftleg plan</p> <p><i>Bruk mal frå undring til tiltak-verktøykassa</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva problem tiltaka skal løyse? • Kva tiltak barnehagen har planlagt? • Når tiltaka skal gjennomførast? • Kven som skal gjennomføre tiltaka? • Når tiltaka skal evaluerast? 	<p>Pedagogisk leiar i samråd med styrar</p>

Sjekklista kan illustreres med handlingssøyfa (UDIR, 2017, s. 18).



Vedlegg 2. SJEKKLISTE/REFLEKSJON - BARNEHAGEN SITT PSYKOSOSIALE LÆRINGSMILJØ.

Spørsmål	Refleksjonsnotat
Er barnehagen sitt leike- og læringsmiljø prega av gjensidig omsorg, anerkjenning og varme, eller pregast det av mykje erting og kritiske kommentarar til og om kvarandre?	
Er barnehagen sit miljø i hovudsak inkluderande, eller pregast det ofte av at barn ekskluderast?	
Er samspelet barna imellom prega av sosialt hierarki eller av likeverd, i forhold til kven som bestemmer og kven som får vere i leik og i gruppeaktivitetar?	
Har barnehagen ein trygg og god tone prega av humor, spontanitet og glede over kvarandre si meistring, eller er miljøet prega av prestasjonskrav og konkurrerande haldningar mellom barna?	
Korleis pregast kvardagen til barna av leikande læring, samspel og meistring?	
Har barnehagen eit stimulerande leike- og læringsmiljø med nærverande vaksne som støttar og vidareutviklar barna sin leik ved behov?	
Har alle barna leikekompetanse?	
Har alle barna ein ven?	
Har barna erfaring i å meistre usemde og konflikt seg i mellom?	
Trivst barna i vår barnehage?	

De kan sjølv utvide malen for meir plass til refleksjon.

Vedlegg 3. SJEKKLISTE/GODE TILTAK I KONKRETE SAKER

TILTAK	ANSVAR
1- Samtale med dei involverte barna, om situasjonen tilseier at det er hensiktsmessig. Dialog saman med ungane der ein går gjennom hendinga, og ungane kan saman med vaksne komme med forslag til kva vi bør gjere vidare.	Dei /dei av vaksne som er nærast barnet/barna
2- Viktig at den som er utsett blir ivaretatt, men ein må og huske den/dei som har utsett andre. Førebygging for alle partar. Den som har observert mobbing informerer pedagogisk leiar og dei andre tilsette på avdelinga/basen snarast. Skriv ned konkret hendinga/ytringa. Kva har barnet/barna gjort/sagt? Kva har den/dei vaksne gjort i hht hendinga. Legg skriftlege føringar for vidare arbeid, både i forhold til den/dei som er utsett og den/dei som utsette andre. Husk at alle vaksne er ansvarlege for vidare arbeid med saka.	Den som observert mobbinga Ped.leiar Alle
3- Saka må takast opp med dei som må informerast straks, med konkrete beskrivingar og vidare tiltaksplan.	Ped.leiar
4- Foreldresamtale i høve det/dei barna som er involverte i sjølve mobbesaka. Føresette blir informert og teke med på råd.	Ped.leiar og evt. styrar
5- Tett oppfølging og observasjon av barna. Aldersavhengig kor mykje ungane er involvert gjennom samtale og andre tiltak.	Ped.leiar og tilsette på avdelinga/basen
6- Evaluering av tiltaka som er satt i gang etter 1-2 veker på avdelingsmøte. Drøft evt endring av tiltak.	Ped.leiar
7- Nye samtalar med barn/føresette ved behov.	Ped.leiar og ev styrar
8- Stadig evalueringar og eventuelt nye tiltak til saka er løyst.	Ped.leiar, styrar, øvrig personale